



DEN NORSKE KYRKJA

Leveld, Torpo og Ål sokneråd

Møtebok

Leveld, Torpo og Ål sokneråd
Ål, Møte 3.3.2026

Møtestart: Kl 16.30 Ål kyrkjestugu

Møteslutt: Kl 18.15

Til stade:

Medlemmer: Liv A. Solberg (Leveld), Kari Kristine Flatland (Torpo), Ingrid K. Hajem (Ål), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Audun Vestenfor (Ål), Marianne Bergsjø Gammelsæter (sokneprest).

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål), Inger Elise Kaslegard (Leveld).

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Egil Kolsrud (vara Torpo).

Opning v/ Anne Kjersti Frøyen

SAKSLISTE:

SR-sak 8/26: Godkjenning av referat frå møtet 3.2.26 og innkalling 3.3.26

SR-sak 9/26: Høyring prostistruktur

SR-sak 10/26: Strategiarbeid i 2026

SR-sak 11/26: Etablere en jubileumskomite 2030

SR-sak 12/26: Revidert rekneskap for Leveld, Torpo og Ål sokneråd 2025

SR-sak 13/26: Kunstnar Mats Hermansson kunstpresentasjon i Ål

SR-sak 14/26: 50 års-konfirmantar

SR-sak 15/26: Årsmelding 2025

SR-sak 16/26: Orienteringssaker

SR-sak 17/26: Open post frå sokneprest

Frøydis Stoveland Dekko
Leiar

Kristoffer Krohn Sævre
Kyrkjeverje

SR-sak 8/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 3.2.26 OG MØTEINNKALLING 3.3.26

Saksdokument:

[Møtebok frå møtet 3.2.2026](#)

Saksopplysningar:

Protokollen frå møtet 3.2.2026: Tilsetjingssaken av ny kapellan er unnateke offentlegheit. Den fulle protokollen arkiverast lokalt, mens den generiske protokollen om at soknerådet har behandla saken vert lagt ut på nettsidene.

Møtebok frå møtet i Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.2.2026 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 3.3.2026 er lagt fram for godkjenning.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.3.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner møteboka frå 3.2.2026.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner innkallinga til møtet 3.3.2026.

SR-sak 9/26: HØYRING PROSTISTRUKTUR

Saksdokument:

Høyringsbrev frå bispedømekontoret.

Saksopplysningar:

Tunsberg bispedømmeråd ynskjer å sjå på heile prostistrukturen i bispedømmet med tanke på å redusere antal prostier og ber om innspel til mogelege konsekvensar ved eventuelle endringar. Soknerådet er bedt om å gje innspel med frist 1. mai 2026 slik at bispedømmerådet kan behandle saka på sitt møte 8. juni 2026.

AU anbefaler at det utnemnast ei arbeidsgruppe som gjev sine vurderingar og vurderingar som etterspurt av bispedømmerådet. Vårt utgangspunkt er at dagens struktur fungerer fint. Arbeidsgruppa bør bestå av nokon som kjenner bispedømmestrukturen samt nokon som vert berørt av ei eventuell endring (stab). Soknerådet må bestemme om saka skal behandlast i soknerådsmøtet 28. april, eller om arbeidsgruppa har mandat til å sende vurderingar direkte.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.3.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd ber soknepresten om å invitere fellestrådsleiar og kyrkjeverja til å utarbeide soknets anbefalingar til bispedømmerådet. Soknerådet anbefaler eitt arbeidsmøte og så skrive ut våre innspel.

SR-sak 10/26: STRATEGIARBEID I 2026

Saksopplysningar:

Soknerådet har diskutert strategiarbeid for komande år og bør sette ein komité og dato for strategidag i 2026. Soknerådet 13.2.2024 utnemnde Audun Vestenfor, Inger Haug, Arne Slåtten, Arild Hansen og sokneprest til å utgjere eit strategiutval. Er utvalet framleis i drift eller bør utvalet oppdaterast?

AU anbefaler å gjere ein ny utnemning og at utvalet får i oppdrag å lede an soknerådet sitt strategiarbeid inkludert ein strategidag hausten 2026 som kombinerast med frivilligfest.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.3.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd utnemner Inger Haug, Børge Bekkestad, Frøydis Stoveland Dekko og Marianne Bergsjø Gammelsæter til å utgjere eit strategiutval i 2026 og 2027. Utvalet konstituerer seg sjølv. Ulike utval vert inviterte til å gje innspel i prosessen.

SR-sak 11/26: JUBILEUMSKOMITÉ 2030

Saksopplysningar:

Soknerådet ser det tenleg å utnemne ei jubileumskomite 2030 for å markere 150-årsjubileet for dei 3 kyrkjene våre. Forutan jubileumsboka som er undervegs bør det vurderast arrangement, utstilling og ulike måtar å markere kyrkjene og jubileet. Komiteen bør få mandat til å søkje om midlar til markeringa og det er naturleg å invitere med representantar frå kommune, historielag og andre. Soknerådet bør utnemne ein soknerådsrepresentant som kan vere med å drive fram markeringa.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.3.2026

VEDTAK:

Kyrkjevevja sender ein fyrste henvendelse til kommunen / kultur / SUKO/skulene og ber om dialog knytt til jubileet. Det er allereie fleire initiativ i gong, dette har ein naturleg kopling til Nasjonaljubileet 2030, og det angår alle 3 kyrkjene. Soknerådet utnemner ikkje komité enno, men ynskjer å initiere eit samarbeid.

SR-sak 12/26: REVIDERT REKNESKAP FOR LEVELD, TORPO OG ÅL SOKN 2025

Saksdokument:

PDF av revidert rekneskap for Leveld, Torpo og Ål sokn 2025.

Saksopplysningar:

Kjell Storhaug har også dette året tatt på seg oppgåve med å revidere rekneskapa for Leveld, Torpo og Ål sokn for året 2025. Rekneskapa er godkjent utan kommentarar.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.3.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner framlagt revidert rekneskap for Leveld, Torpo og Ål sokn 2025.

SR-sak 13/26: KUNSTNAR MATS HERMANSSON KUNSTPRESENTASJON

Saksopplysningar:

Soknerådet har motteke brev frå Tellef Raustøl med forslag om å la kunstnar Mats Hermansson få presentere sin kunst i kyrkjene i Ål hausten 2026 eller våren 2027. Hermansson har hatt fleire kyrkjeutstillingar og bilda har som mål å skape meining, håp og tankar. Ei utstilling vil innebere nokre kostnader til tilrettelegging.

AU anbefaler at soknepresten vert gjeve mandat til å avgjere om me vil opne for utstilling i kyrkjene i Ål innanfor dei ordinære driftsrammene me har.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.3.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd takkar nei denne gongen. Soknerådet ber soknepresten om å respondere på invitasjonen.

SR-sak 14/26: 50-ÅRSKONFIRMANTAR

Saksopplysningar:

Det er tradisjon sette opp gudsteneste med 50-årskonfirmantar sundagen i folkemusikkveka. Sundag 31. mai 2026 planleggast det folkemusikk gudsteneste og staben er i ferd med å ferdigstille invitasjonar til aktuelle jubilarantar. Jubilarane dekkjer sjølve kostnaden med småmat, kaffi m.m. Soknerådet bør utnemne to soknerådsrepresentantar som tek ansvar for festen.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.3.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd utnemner Ingrid K. Hajem og Audun Vestenfor til å ta ansvar for 50-årskonfirmantfesten.

SR-sak 15/26: ÅRSMELDING 2025

Saksdokument:

Vedlagt utkast til årsmelding 2025

Saksopplysningar:

Soknerådet skal vedta årsmelding for 2025 som skal presenterast på årsmøtet 8. mars 2026. Soknerådsleiar vil presentere årsmeldinga for dei frammøtte på årsmøtet.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.3.2026

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd vedtek årsmelding 2025 med kommentarane frå møtet.

SR-sak 16/26: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

- 1) Kyrkjebladet har plan om 4 utgåver i 2026. Staben og redaksjonen for kyrkjebladet ser at det krev tid, innsats og pengar å produsere meiningsfullt innhald, og vurderer å gje ut berre 3 utgåver dette året. Dersom det er ynskje om 4 utgåver så er det nødvendig å få fleire frivillige engasjert.
- 2) Kyrkjevevja og sokneprest deltok på årleg dialogmøte mellom tros- og livssynssamfunn 2. mars 2026 på Gol.
- 3) Budsjettet for Leveld sokn hadde nokre tekniske manglar som sekretær rettar opp. Manglane hadde slik karakter at dei ikkje vert lagt inn til nytt vedtak, men retta administrativt.
- 4) Soknerådsleiar har fått lesetilgang på «Kirka vår» på vegne av soknerådet.
- 5) Lys vaken som var planlagt i november og utsett til 7.-8. mars 2026 grunna sjukemelding er utsett til hausten, dato er ikkje sett.
- 6) Orientering frå Lederforum: Kjekt nettverk med dei andre menighetane, drøfte ynskje om årshjul og vidare samarbeid.
- 7) Kapellantilsetjing: Aslak Elias Simonsen (36) vart innstilt og har takka ja til stillinga som kapellan i Hol og Ål. Detaljane rundt oppstarttidspunkt er ikkje klare, men han kjem i gong til sommaren.
- 8) Det vert truleg arrangert stiftsdag for tilsette i Hallingdal torsdag 3. september i Ål kyrkjestugu.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.3.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringane.

SR-sak 17/26: OPEN POST FRÅ SOKNEPRESTEN

Saksframlegg:

Soknepresten har ein fast open post i soknerådsmøta.

- Soknepresten ordnar faste program slik at me ikkje treng å kopiere nye program kvar veke.
- Inspirerende tårnagent-dag med 12 ungar.
- Testa ut kveldsmesse med litt alternativ meditativ form
- Kjekt med stiftskandidat Oskar som er her denne månaden.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 3.3.2026

VEDTAK:

Soknerådet takkar soknepresten for orienteringane.

EVENTUELT

- 1) Soknerådet ynskjer å planlegge ein kyrkjelyds-retreat og vil oppmuntre dei naturlege ressurspersonane me har i kyrkjelyden til å planlegge ein slik dag i 2026.
- 2) Sokneårsmøte sundag: Gjennomførast med kyrkjekaffi etter gudstenesta for å ikkje miste kyrkjelyden ved å flytte inn i Kyrkjestugu.

Neste møte: 28. april 2026